

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 143/2006

av 8. desember 2006

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 108/2006 av 22. september 2006⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsforordning (EF) nr. 217/2006 av 8. februar 2006 om fastsetjing av reglar for gjennomføringa av rådsdirektiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 2002/54/EF, 2002/55/EF og 2002/57/EF med omsyn til å gje medlemsstatane løyve til mellombels å tillate marknadsføring av frø frå visse artar som ikkje stettar krava med omsyn til minste spireevne⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsdirektiv 2006/47/EF av 23. mai 2006 om fastsetjing av særlege vilkår for innhald av *Avena fatua* i såkorn⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsdirektiv 2006/55/EF av 12. juni 2006 om endring av vedlegg III til rådsdirektiv 66/402/EØF med omsyn til den høgste vekta til parti med frø⁽⁴⁾ skal takast inn i avtala.
- 5) Direktiv 2006/47/EF opphevar kommisjonsdirektiv 74/268/EØF⁽⁵⁾, som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

⁽¹⁾ TEU L 333 av 30.11.2006, s. 23, og EØS-tillegget til TEU nr. 60 av 30.11.2006, s. 18.

⁽²⁾ TEU L 38 av 9.2.2006, s. 17.

⁽³⁾ TEU L 136 av 24.5.2006, s. 18.

⁽⁴⁾ TEU L 159 av 13.6.2006, s. 13.

⁽⁵⁾ TEF L 141 av 24.5.1974, s. 19.

I vedlegg I kapittel III i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1 nr. 3 (rådsdirektiv 66/402/EØF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32006 L 0055**: Kommisjonsvedtak 2006/55/EF av 12. juni 2006 (EUT L 159 av 13.6.2006, s. 13).”
2. I del 2 etter nr. 44 (kommisjonsvedtak 2005/947/EF) skal nye nr. 45 og 46 lyde:
”45. **32006 R 0217**: Kommisjonsforordning (EF) nr. 217/2006 av 8. februar 2006 om fastsetjing av reglar for gjennomføringa av rådsdirektiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 2002/54/EF, 2002/55/EF og 2002/57/EF med omsyn til å gje medlemsstatane løyve til mellombels å tillate marknadsføring av frø frå visse artar som ikkje stettar krava med omsyn til minste spireevne (EUT L 38 av 9.2.2006, s. 17).
46. **32006 L 0047**: Kommisjonsdirektiv 2006/47/EF av 23. mai 2006 om fastsetjing av særlege vilkår for innhald av *Avena fatua* i såkorn (EUT L 136 av 24.5.2006, s. 18).”
3. Teksta i del 1 nr. 9 (kommisjonsdirektiv 74/268/EØF) vert oppheva.

Artikkel 2

Teksta til forordning (EF) nr. 217/2006 og direktiv 2006/47/EF og 2006/55/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 9. desember 2006, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*)).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 8. desember 2006

For EØS-komiteen

Oda Helen Sletnes

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Formann